



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 16/76703-10 19/773 – 19/10273 12.06.2019

### Uttale til temarevisjon av kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune

Vi viser til temarevisjon for kommuneplanens arealdel for Meland kommune, motteke på offentleg ettersyn med frist 13.06.2019. Vi viser også til presentasjon og diskusjon om planforslaget i Planforum 28.05.2019.

Meland kommune har lagt vekt på at dei har trøng for ein stram fremdrift for å vedta kommuneplanen før kommunesamanslåinga. Dei har difor signalisert at dei vil vere lydhør for signaler frå høyningspartar for å unngå motsegn mot planframleggjett. Statens vegvesen legg difor til grunn at kommunen vil innarbeide våre framlegg til endringer i planforslaget, og at kommunen vil invitere til dialog om det er trøng for å avklare våre innspill.

Revisjonen omhandler i første rekke følgjende tema:

- Areal for havbruksnæring på land og vann, areal for djupvasskai
- Reiselivsrealert næringsutvikling og Meland golf
- Areal for gjenbruksmasser

Statens vegvesen er i særleg grad opptatt av tiltaka si innverknad på tryggleik og framkome på vegnettet. Det inneber mellom anna sikring av trygg tilkomst til føreslegne utviklingsområder.

#### Areal for havbruksrelatert næring

Ut frå framstillinga til Meland kommune, legg vi til grunn at hovuddelen av den havbruksrelaterte næringa ikkje vil ha kopling til vegnettet på land eller medføre auka transport til området.

Unntaket vil vere område N\_11 Landsvik. Dette området er tenkt nytta til landbasert akvakultur og område for djupvasskai. I konsekvensutgreiinga er det vist til at lokaliseringa

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

ikkje er ideell grunna därleg vegtilkomst, og at det må settast krav utbetring av vegtilkomsten (Sambandet vest) før ein kan starte utbygging av området.

I føresegn § 1.5.2, 3. kulepunkt, står det «Før N\_11 Landsvik kan utbyggast, må ny samferdslestruktur vere godkjent». Statens vegvesen meiner denne formuleringa er for lite konkret i høve til kva tiltak som krevjast før utbygging. Vi ber Meland kommune utdjupe føresegna, slik at det kjem fram at nytt hovudvegsamband frå riksvegnettet til Landsvik må vere ferdigstilt før utbygging av N\_11 Landsvik. Lokal tilkomst til næringsområdet må vere regulert og bygd i samsvar med krav i handbok N100 Veg- og gateutforming.

#### Reiselivsrelatert næringsutvikling og Meland golf

I område SM\_2 på lo vert det lagt til rette for inntil 150 båtplasser i småbåtanlegg. I føresegn §1.5.6, siste kulepunkt, vert det mellom anna sett krav om utbetring av avkørsel frå kommunal veg. Vi viser til at det ikkje er kommunale veger i nærområdet, og føreset at kommunen har meint fylkesveg. Krysset mellom fv. 248 levenget og den private tilkomstvegen er svært därleg, og det kan ikkje pårekna løyve til utvida bruk av avkørsla slik den ligg i dag. Det vil mest sannsynleg vere trøng for omlegging av tilkomstvegen. Vi ber kommunen endre føresegna slik at det vert stilt krav om utbetring av tilkomst til fylkesveg.

Området rundt Meland golfklubb er i plankartet markert som område med krav til felles planlegging, H810\_7. Etter det vi kan sjå er det ikkje utarbeida tilhøyrande føresegn for sona, og vi har forstått på kommunen at dette er feil.

Vi ber om at det vert utarbeida slik føresegn. Det må setjast krav om at fv. 564 Rosslandsvegen skal vere bygd om i ny trase forbi Fløksand/Leiro før vidareutvikling av Meland golf kan tillatast.

#### Areal for gjenbruksmasser

Statens vegvesen er positiv til at kommunen legg til rette for gjenbruk av verdifulle masser, mellom anna frå samferdsletiltak i kommunen. Etter vår vurdering er samfunnsnytta stor når ein sikrar lokal bruk av massane og unngår unødvendig transport. Det bidrar til trafikktryggleik og reduserte kostnader for samfunnet.

Dei fleste områda kommunen ønskjer å nytte til gjenbruksmasser er landbruksområder. I framlegget er desse områda regulert som LNF-spreidd næring. Kommunen vil nytte gjenbruksmassane til jordforbedringstiltak, som vil betre vilkåra for drifta på landbruket. Hovudføremålet for areala skal framleis vere landbruk.

Statens vegvesen gjer merksam på at tilkomst til LNF-spreidd nærings-områda skal handsamast etter veglova §§ 40–43, ettersom bruken av avkørslene vert vesentleg endra i den perioden massetransporten foregår. Det må pårekna krav om oppgradering av eksisterande avkørsle for å imøtekome krav til geometri og sikt. Statens vegvesen har ikkje høve til å vurdere tilkomst til dei ulike delfelta i høyringsperioden.

Områdene BE\_3 Dalstø og BE\_4 Dale er lagt ut til bygg og anlegg for bruk av overskotsmasser. Områdene har krav om detaljregulering, jf. føresegns § 1.5.2. Område BE\_4 Dale ligg ved fv. 564 Rosslandsvegen, og i konsekvensutgreiinga er det nemnd at området ikkje har tilkomst frå fylkesvegen. Statens vegvesen vil krevje at tilkomst til området skal inngå i reguleringsplanen, og må tilfredsstille krava i handbok N100. Vår førebelse vurdering er at tilkomst kan verte dyrt og krevjande å få til, ettersom fylkesvegen har høgt fartsnivå og er ein viktig transportåre i kommunen. Vidare skal avkjørsla i all hovudsak nyttast av tunge køyretøy, som brukar lengre tid på fartsauke. Det vil derfor settast strenge krav til utforminga av krysset.

#### Andre merknader

I kommuneplanens arealdel vedtatt i 2015 er det i føresegna §§ 2.1.5 og 3.2.3 talfesta kor mange naust og spreidde bustadhus som er tillate innanfor ulike område. I åra som er gått er nokre av nausta og bustadhusa bygd. Statens vegvesen ber kommunen justere føresegnene slik at ein til dømes refererer til eit 0-nivå i 2015, eller trekker ut frå tabellen dei einingane som er bygd sidan førre planvedtak.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Skulstad Marianne  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN